

Gaute Skretting

fortel om

## Ilåt (noko å ha noko i)

om:

spyttebakken,  
skolpen,  
trepelsflaska,  
smørjekanna.

*Gaute Skretting (f.1942) var mangeårig lærer i Bjerkreim, først på Bjerkreim Barneskule frå 1967, deretter på Vikeså Ungdomsskule som almenlærer. Han utdanna seg til logoped og vart sidan nytta i heile kommunen. Ellers har han arbeidet på kulturkontoret, for det meste med Bjerkreim Bygdablad. Han fekk kulturprisen i Bjerkreim i 2013.*

*Gaute har vore mangeårig journalist for Dalane Tidende med bidrag av lokalstoff frå kommunen, og gjennom mange år med fast spalte med småstubber og lokale daglig hende frå bygda.*

*Gaute voks opp på Nærbø på Jæren og har mange minner om slike ilåt fortalt om i denne artikkelen. Han fortel om desse ilåta på ein levande måte, og mange av den eldre garde vil ganske visst kjenne seg igjen. Desse ganske små ting er også kultur-historie på sin måte, og skal også tas vare på.*

*Alle småstykkja eignar seg godt til opplesing i passande høve.*

Aaland Gård, april 2016  
Paul Tengesdal

\*

## Spyttebakken frå Bjerkreimskyrkja

*«Skråen sveiv mellom nedslitne tenner,  
Elta og innlagd av brunbarka hender.  
Sausklysa este og tvinga seg ut,  
i svartbrune bekkjer om gumlande trut.  
Tvi – sa gubben, nå må det ut.»*

Og her kjem ein viktig ilåt inn i bilete, spyttebakken. Det var nemleg her det meste av skrå-klysa hamna. For mannen var innomhus, og desse bakkane fann du alle stader der folk ferdast: I butikken, i kyrkja, på bedehus og i heimane. Denne har stått i Bjerkreimskyrkja.

For 70 år sidan stod det ein slik ved inngangen til kvar benk på mannasida i kyrkja. Nå står dei vekkstaba oppi kyrkjetårnet. Denne fekk eg ved hjelp av skriftleg godkjenning av presten.



*Spyttebakken som har stått i Bjerkreimskyrkja*

Og til kyrkja måtte folk, dei skulle helst vera døde for å skofta preika. Mange hadde lang veg og la innpå nokre dugelege skråklyser. Før dei så gjekk inn i benkene måtte dei tømme seg for all den brune sausen. Nokre var finslege, bøygde seg ned mot spyttebakken for å spreia det minst mogleg. Andre meinte seg meir treffsikre, sende klysa av stad eit par benkerader. Ikkje alle kjende sin eigen spytteteknikk godt nok, det klaska i golvet ”Det var då snodig, eg trefte heime på det haldet”. Dei trente heime, det var karsleg å vera treffsikker.

Vel til rette på dei harde kyrkjebenkene, måtte dei sjå hamslege ut, Skråen måtte haldast i ro, om preika ofte kunne verta langtekkeleg. Ein og annan duppa nok av, kan hende

ein av dei frå Ørsdalen, som hadde rodd utetter det 18 km lange vatnet. Munnen glei opp, og skrålaken pipla ut frå munnvikene Her hadde han ikkje kona heller til å sjå etter seg, det var strengt med manne- og koneside. Men presten vakta på dei, såg det for gale ut, sette han i eit vekkjande kremt. Syndaren kvakk til, treiv i trøyelommen etter naseduken. Med den brunfleckete tyfilla fekk han bort dei brune bekkjefara.

Så trekte folket ut på kyrkjebakken, for å høyra nytt, og kanskje sjå seg ut kjærast. I kyrkja gjekk kyrkjetenaren og bles ut lampene, tømde spyttbakkane og vaska over golvet. Det var måla i ein brunfarge som høvde til alle flekkene kring desse ilåta. Var det rart at dei smittsame sjukdommane hadde gode kår med slike bakteriebomber over alt der folk ferdast?

Nå er dei pensjonerte, til liks med dei fine parafinlampene og dei to digre vedomnane som stod i Bjerkreimskyrkja. Eg trur ikkje nokon saknar dei.

\*

## Skolpen

*Skolpen, eit ilåt som sparde steg i ei travel onn.*



*Skolpen festa i bokselinninga.*

Eg har vore oppteken av gamle ilåt. Det eg har funne nå, er ein såkalla skolp. Slik såg dei fleste ut. Med denne kroken kunne dei festa han til bukselinninga, og når han var godt laga og godt trutna, held han tett når du tømde vatn oppi. Om du trur det er ein forgjengar til lommelerka, tek du skammeleg feil. Han vart nytta i den tida dei slo høyet med orv, dei la kvassteinen oppi vatnet. Då sparde dei steg og spytt når ljåen trong kveggjing. Det med lommelerka var kanskje ikkje så gale, men eg har aldri høyrte om nokon som hadde sterkare saker enn vatn i han.

Eg er ikkje gammal nok til å hugsa den tida då gardane i Bjerkreim levde stort på utslåttar. Slo på fjellet og i utmarkene: Men slik forberging var naudsynt for dei fleste, lite

dyrka jord og minimal gjødsling gav ikkje mat til alle dyra som sto inne om vinteren. Men det var om å gjera å berga over flest mogleg, for sommarstid stod graset og venta på fjellbeita.

Sven Zimmer hadde vore med på slåtten på Storsheia. Kven Sven Zimmer var? Han hadde butikk på Vikeså. Det var i den tida der var fleire krambuer i bygda., ei tid hadde me endå til to bakeri, eit i kvar tettstad. Men Sven hadde som ein kolonialbutikk, men og mykje anna som folk i bygda hadde bruk for. Han dreiv i dei første åra eg var i Bjerkreim, så eg var innom rett som tidast, han var kommisjonær for Norsk Tipping. Innanom døra hadde han plassert eit gammalt bussete for kundane. Det var som regel oppteke. Og så lika han å snakka.

Ein dag eg kom inn stod han og åt av ein kryddersildfilet. –Kor han hadde fått tak i den? – Vil du smaka? Betre sild er ikkje å oppdriva. Så strekte han seg under disken og drog fram eit spann. Med andakt opna han og snitta av ein bite til meg. Han snakka sant, silda var god. - Eg kan få to tre filetar. Men då drog han fælt på det, kikka ned i spannet og tilbake på meg. – Likar du sild. – Ja, hu var då god. Ja, men då får du koka skikkelege jordeple, finna fram meierismør. Til slik sild er berre det beste godt nok. Eg fekk tre filetar for han banka lokket fast og gøymde spannet under disken.

Men dette hadde ikkje noko med skolpen å gjera, seier du. Jau, Sven likte å fortelja og la ut om korleis det gjekk for seg når Vikeså-gardane skulle til Storsheia på markaslått. Dei var godt folka og tok ut grytidleg. Det gjalt om å nytta dogga, ljåen glei betre mellom gastustane då. Så gjekk slåttekarane på rekkje med kvar sin skår. Då var det om å gjera å plassera dei hålaste fremst slik at ikkje forfylgjarane kom i hasane på dei. Etter dei kom breidslejentene og ruska opp i skårane så sol og vind slapp betre til. Slåtten måtte gjerast i godt ver, når sola fekk tak kunne det verta ulideleg varmt. Bortetter teigen hadde husbondfolket sett ut drikka, sur mjølk- Uhorveleg mange liter kunne gå med. Og utetter dagen måtte dette gjera utslag i magen. –Du kunne lukta deg fram til slåtteteigen, for skitlukta dreiv over heile Storsheia. Han snakka noko romsleg, men eg kunne ikkje anna enn å føla med breislejentene som måte gjennom stankskyene. Men det vart vel ein vane, som skitlukta i senga.

Men heldigvis, lukta sat ikkje att i det slegne graset. Etter kvart som breidslejentene, sola og vinden fekk gjera sitt, kom godlukta fram. Lukt frå nektar og dei ville urtene som hadde lagt seg for nykvegde ljåblad. Det angande foret vart berga inn i utløene, og dei var her mange av. Dei stod som luktbomber på turre rabbar i livd av fjella. Utetter vinteren kunne bonden og hesten henta heim livbergande strå til buskapen.

Her i det turre høyet kunne rekande fantar finna nattelogi, grava seg ned i godlukta og gløyma snødrev og kalde vindar, skitord og sinte hundar. Kjærestepar kunne her stikka seg bort frå vaktande auge og kvasse tunger. Etter eit slikt opphald fekk turtelduene god grunn til å plukka på kvarandre: alle avslørande strå måtte fjernast frå hår og klededrakt.

Etter slåtten vart skolpen overhala og hengd opp på plassen sin ved orvet. I dag minkar det på folk som veit kva det er, tross alle minna han kan mana fram.

Utløene er for det meste borte, ligg som ruinar innerter fjella. På Solbjørg har dei reist opp att ei av løene. Og i sommar har bonden vore på markaslått og fylt opp med turt fint markahøy. Eg hadde nyleg med fire barnebarn og overnatta i løa oppunder Solbjørniben. Eg trur det er litt viktig at borna får med seg noko av det som har lagt grunnlaget for det dei kan nytta godt av i dag. Dei lika det, lika stilla, mørkret og den klare himmelen. Gad vita desse minna vil koma fram når dei veks til og kanskje kjenner lukta frå pors og andre urter som kitla dei i nasane i høyløa.

\*

## Trepelsflaska

*Ei flaske som vart nytta til så mangt.*



*Trepelsflaska nytta som saftflaske.*

Eg har teke med meg ei trepela flaske. Nå trur de vel det vert ein masse fyllerør, men det er sjølve ilåtet eg vil snakka om. Flaske med originalinnhald kom aldri i hus. Mor var motstandar av all rusdrykk. Jau, forresten, ei flaske veit eg kom i hus. Bror min arbeidde over heile verda, og etter eit opphald i Portugal, kom han med ei flaske portvin til mor. Den gøymde ho innerst i kleskapet, nytta kanskje ei skei eller to i ein eller annan matrett.

Likevel sto desse flaskene på rekkje og rad i hyllene i matbua. Dei vart nytta til å fylla saft på. Kor dei kom frå? Jau, me ungane drog til husane. Me samla i stranda. I den tida var ikkje plast flaskene komne, når sjøfolka hadde tømte flaska, gjekk ho på sjøen, og kom skvulpande til lands.

Eller me tok oss ein tur i Lunden på Nærbø på sundags føremiddag. Etter dansen på laurdag, kunne me finna store mengder med brukande flasker, helst dei blanke, dei såg me gjennom og kunne gjera dei reine. Men du kan vita det vart uhorvelege mengder, om alt skulle stuast inn i matbua. Vel vart ei og anna knust eller kassert, men der var alltid nok til safta.

Mykje av fangsten frå skogen kring danseplanen, drog me difor med oss til Gaute. Han heitte så, butikken til Gaute Obrestad, heiter så ennå, om Gaute sjølv er borte. Han trong gode ilåt. Han handla med malerverar, og i kjellaren låg tønner med oljer av alle slag: Lynol, terpentin, rå linolje og kokt linolje. Ingen kjøpte heile tønner, så han trong flaskene for å tilby høvelege mengder til kundane. Me fekk betalt for flaskene, 10-øre pr. stk.

Som regel tok me betalinga ut i varer, og då var posaspring mest anvendeleg for oss ungar. Desse kunne me lenkja saman og laga gode ballar av. Me hadde ein leik der me nytta slike. Ei høg stong, snor og ball i enden. Så stod me ein på kvar side og slo med seltre. Ballen

skulle snurrast rund stonga, vår veg, om me skulle vinna. Slike lenkjer kunne og nyttast til sprettert, då måtte me ha minst tredobbel spring.

Det var ikkje nok med at me fekk flaskene i hus, før saftesesongen måtte dei reingjerast. Me sat ute og rista, fylte oppi litt vatn, litt sand og rista. Dei måtte vera gullande reine. I ei og anna flaske var korken, eller bitar av han, pressa nedi. Då hadde me snor som me la dobbel og sleppte lykkja nedi flaska. Så gjaldt det om å få korken til å leggja seg rett, slik at me kunne dra han ut. Det gjaldt om å halda tunga beint i muunen, og vera tolmodige. Var det ekstra vrient å få uheima ut, kunne me slå eit skar av tuten, då måtte flaska kasserast.

Så vart dei stabla inn i steikeomnen og steriliserte før den kokte safta vart slegen gjennom trakta. Korkinga var eit kapittel for seg. Korken vart trompa nedi, heilt til botns, helst så ha låg litt under toppen av tuten. Så vart dei forseгла. På plata stod ein boks med stempel-lakk. Smelta og flytande. Flasketuten vart dyppa nedi, og safta var forseгла mot all slags uheima.

Slik var det gamle, men så kom noko nymotens, råsaft. Den skulle ikkje korkast, dunstene måtte sleppa ut, og om flaska var spunsa, ville ho sprengjast. For å hindra spinnekjerringar og fluger fri adgang til herligheta, vart det dytta ein bomullsdott.

\*

## Smørjekanna

*Ho stod på draget, stasleg og rund.*

*Ho hadde ei freda stund.*

*Knivane skar.*

*Bakom sat bonden, smatta og drøymde.*

*Knivane skar.*

*Så kom kvila, og dråpane fløynde.*

*Knivane stod.*



*Den gamle smørjekanna.*

Denne var det som stod på draget til slåmaskinen, herifrå fløynde dråpane. Eg tykte det vart litt snåttaleg, berre syna dykk ilåtet. Eg kan jo klemma ho bak, slik at de får høyra godlyden ho gav frå seg. Den fredelege prustinga frå hestane som fekk bita i seg litt gras frå

reina, medan bonden smurde, får de berre tenkja dykk. Den fine lyden ho gav frå seg når du klemde på botnen for å få ut nokre dråpar, må de og berre tenkja dykk. De har jo berre eit bilete å sjå på. Ho stod i ein vel tilpassa brakett.

Når så øykjene, som regel tospann, trong ei kvil, var det tid for smørjeseremoni: Nokre dråpar bortetter knivane, og så i alle opningar der harde deler sveiv og gnikka. Desse maskinane var nokre små kunstverk, måla i fine fargar, til og med dekorert med granne streker og krusedullar. Oljehola var dekte med små lokk som måtte opnast. Og dei vart opna både titt og ofte. Ein slik maskin, som tok over for ei heil hær av slåttekarrar, måtte stellast vel med. Han hadde kosta grovt, og skulle vara lenge.

Oljekanna vart blanksliten etter all klemminga frå grove arbeidsnevar. Denne var nedrusta, kan vita ho har ikkje vore i bruk på aldri den tid. Ho er laga i England, sikkert på ein fabrikk, men her er mykje godt hândtverk. Føyd saman om lag som dei ilåta fantane for rundt og selde.

Det var ikkje berre slåmaskinen som hadde glede av kanna, spratlemaskin, rankeriva og trøskjeverk såg og mon i dei lindrande dråpane. Det var heller ikkje berre på gardane du fann ho. Der folk før hadde klaska på ein smørklatt, kunne eit par dråpar herifrå gjera same nytta. Nå kunne ingen klaga på smørnaud når dørgonga skreik.

Me hadde ein forsikringsagent i mi heimbygd. For han var skrikande dører noko vederstyggjeleg. Når han for rundt med polisane, hadde han og med ei slik. Fjosedører og låvedører skulle ikkje knista og laga ulyder der han for fram.

Me ungar slapp sjeldan til med kanna. Det hende jo me lurde oss til, snudde sykkelen på enda, og sausa inn kjettingen. Alt anna som rørde seg på tohjulingen, fekk og nokre dråpar. Etter ei slik overhaling, surkla og skvatt det frå alt som rørde på seg. Men det var ikkje så stor mon i denne kanna, ho gav frå seg for lite. Ho fekk som regel stå i fred.

Verre vart det med det rauda vidunderet som avløyste henne. Der kunne du pumpa, mest som ei landpumpe i miniatyr. Kan vita her kom det ikkje i dråpavis, men i ei jamn stråle som du kunne senda langt avstad. Det var noko for oss ungar, mest som vannpistol. Det vart mykje oljeflekkar på klede og vegger. Me prøvde jo å ta knekken på flugene som sat og sola seg på oppvarmde vegger. Nei, det var ikkje berre stas med forbetringa, slett ikkje for han som trong ho til vedlikehald av ein aukande maskinpark. Ho var mykje tom når han trong ho.

Denne har vorte grundig utkonkurrert, som så mangt anna av det gamle som fekk avløysing av noko meir effektivt. Framstega vart feira med å kassera dei gamle remediane, dei hamna som regel på røysa. Eg minnest denne, men å finna ho att var verre. Dei fleste hugsar ho, men det var noko som var, langt tilbake i tid.

Høyr nå godt, det er kanskje siste gongen de høyrer lyden frå noko som særleg høyrde slåttonna til. Alle dei andre godlydane, og ikkje minst luktene som høyrde slått og sommar til, det får de mana fram sjølv. Me høyrde lydane den gongen, ingen bråkande traktorar fekk over døyva åkerhøna og vipene og alle dei andre sommarlydane.

Gaute Skretting